



Marcel Matei
Bruvegen 94
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3983 - 17/1067

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
17.01.2017

Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr 188/482 Gjervik ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.12.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kvittering for nabovarsel.
2. Vi ber om at det vert levert inn oppdatert situasjonsplan, påført ytre hovudmål på tiltaket, minsteavstand til grense og avstand til vegmidte offentleg veg.
3. Oppdatert naboerklæring frå gbnr. 188/483 og 188/481, innlevert naboerklæring er ikkje påført avstand til nabogrense.
4. Plan- og snitteiking av eksisterande og ny bod.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 14.02.17.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Marcel Matei

Bruvegen 94

5914

ISDALSTØ